

Regndans for dei ville



Diskotek-polonese stod òg på programmet då den «nye» Ungdomsbasen vart feira.

Foto: Sigbjørn Linga

Med diskotek, kaker og fagre ord feira både unge og eldre den nyoppstårte trivnaden ved Ungdomsbasen.

Sigbjørn Linga
linga@hf.no

Regnet piska, men i motsetnad til før sommaren hadde det eit tak å piska mot. Dermed kunne dei frammøtte dansa tørt då det forebels resultatet av kunstprosjektet ved Ungdomsbasen og Ungdomshaluen vart feira laurdag ettermiddag.

Folk i nært sagt alle aldrar og med ymse hufdfargar, pluss ein hund, kasta seg inn i dansen med ein iver ein sjeldan ser før midnatt i Kvam.

I tillegg til taket finn ein på Bascamp ein eigen «chillekrok», ei stor hengekøye, eit lite trappeamfi og ein bålplass på den tidlegare litt livlause og gråe baksida av forsamlingshuset. Arbeidet er resultatet av innsatsen over tre vekepluss ei helg i vår og sommar. Og innsatsen er igjen resultatet av ymse ville idear som gradvis har vorte sorterte og prioriterte og teke konkret form.

— Me har jobba hardt og lenge. Det har vore eit slitt og keisamt, men også minnerikt og kjekt. Det



Espen Tyssebotn og Sara C. Fykse sit att med gode minne frå arbeidet dei har vore med på.



På veggen hang skissene som viste vegen mot det endelege målet. På langt nær alt er permanente konstruksjonar.

er eit prosjekt frå ungdomar til ungdomar, og me gler oss til sluttresultatet, sa Espen Tyssebotn, som saman med Sara C. Fykse fekk ordet på vegner av dei mange unge som har vore innblanda.

Medverknad i sentrum

Hovudansvarleg for prosjektet, som ber namnet Korleis vil vi leva saman?, er Katrine Meisfjord. Ho har vore involvert i ei rekke liknande prosjekt der medverknad, sosialt engasjement og eigarskap er nøkkelford. På fint — og engelsk — heiter arbeidsforma

community based art. Kjernen er at dei unge sjølv ikkje berre skal vera med og bestemma, men faktisk bestemma korleis dei vil ha det rundt seg i kvardagen.

Prosjektet starta for alvor våren 2019, då utekontakt Siriann Lillevik tok kontakt med Meisfjord og yttra ynske om å gjera noko med det «stygge og keisame» området utanfor lokala til Ungdomsbasen. Initiativet kom vel å merka først frå Kunsthøgskulen Kabuso.

Snoballen byrja rulla. Same haust tok Meisfjord med seg ein

gieng ungdomar til Botnen for å henta inspirasjon. Etter tankelek og kreative prosessar manifesterte ideane seg i 33 modellar som vart stilt ut i Kunsthøgskulen Kabuso i fjor. Dei var grunnlaget for vidare siling og djupneintervju med ungdomane.

Arkitektane Cristian Stefanescu og Christof Mayer — fyrstnevnte var til stades laurdag — har med utgangspunkt i innspela laga skisser. Og med desse som fundament har både ungdomar, ungdomsarbeidarar, handverkarar og arkitektar bidrige til det

praktiske arbeidet i sommar.

— Gjekk fint

To av dei som var i sving med hammar og sag, er Andreas Tufteland og Aksel Byrkjeland. Den eine av dei er såkalla dosar — frivillig i Ungdomsbasen —, medan den andre vart med kanskje mest fordi det var lona arbeid i sikte.

— Det vart jo fint, men er sjølv sagt ikkje heilt ferdig. Det er ein prototype av det me ynskjer, seier Aksel.

— Det har gått fint, konstaterer Andreas.

ideane



Katrine Meisfjord fekk ros for stor innsats og stort tolmod som prosjektleiar.

Foto: Sigbjørn Linga



Frå venstre: Aksel Byrkjeland, Andreas Tufteland og Nikolas Bakke-Byrkjeland har vore med på prosjektet. Nikolai — eller DJ Bakke — har dessutan vore på DJ-kurs og stod for musikken på festen laurdag.

Foto: Sigbjørn Linga

realisert enno, og det som er bygt, er ikkje
Foto: Sigbjørn Linga

Undervegs i arbeidet fekk alle servert mat med eksotisk kultur. Det same fekk gjestene laurdag, attåt kaker av det tradisjonelle, norske slaget.

Ser stort potensial

I bresjen for snirkringa har Klaus Rasmussen stått. Han meiner området ved Ungdomsbasen har eit stort og unnyta potensial. Med skikkeleg tilrettelegging kan området verta ein triveleg stad med noko såpass ettertraka som strandline, slår han fast.

Eit av delprosjekta som er byg-

de i sommar, er ei flytebrygge. Denne fekk smaka brakkvatnet ei stakkstund, men deretter byrkratiet. Kvam herad skal ha sett foten ned for henne på grunn av nærlieken til Straumen og risikoen konstruksjonen inneber. Bryggja er difor sitjeplass på land inntil vidare.

Sjølv om arbeidet allereie har gjeve bruksverdi, er det ikkje tanken at konstruksjonane skal stå slik i evig tid. Meisfjord fortel at neste steg er å sokja ymse kjelder, mellom anna lokalsamfunnsordninga til Kunst i offentlege rom, om stønad til å setja ideane ut i livet «på ekte».

Alt i alt vil dei truleg kosta millionar, men ein treng ikkje realisera alt på ein gong, opplyser ho. Meisfjord er optimistisk med tanke på å få med seg støttespelarane så langt vidare. Vona er å komma i gang så smått allereie i haust.

Vilt begeistra

Direktør Sissel Lillebostad i Kunsthuset Kabuso var full av lovord om kva både Meisfjord og alle andre som har delteke — ikkje minst dei unge —, har fått til.

Kabuso er vilt begeistra. Dette såg ut som verdas tristaste stad, samanklemt, grått og trist mellom ein hardt trafikkert veg og vatnet. Me er så glade for dette, sa ho.

Eg er imponert. Uteområdet har ikkje sett ut. No er det mykje finare og mykje meir brukande. Og så er det viktig at dei unge har vore med heile tida. No skal ungdomane testa området og sjå om me treng noko anna, seier Lillevik, som konstaterar at til dømes hengekøya allereie er vorten ein populær plass å — ja, henga.

Støttespelarar i prosjekter er Grannehjelpa i Kvam, Utelkontakten i Kvam, Hordaland fylkeskommune, Kvam herad, ekstraordinære koronatildelingar frå Kulturrådet og Kunst i offentlege rom.

OPPLEV NORGE MED SUZUKI!

- AUTOMATGIR
- 75–98 KM ELEKTRISK REKKEVIDDE (WLTP)
- 306 HK
- 500 LITER BAGASJEROM
- LÅGE UTSLEPP, BERRE 22g CO₂
- 0 – 100 = 6,0 SEKUNDAR
- BILAR PÅ LAGER FOR RASK LEVERING

Best i Test!
VG 23. april 2021

ACROSS SUV 4x4 PLUG-IN HYBRID
frå kr 560.900,- Leasing: 3.987,- inkl mva pr mnd *



**FIRST EDITION PAKKE verdi kr 45.000,-
BETAL 0,- SPAR 45.000,-**

*ACROSS SUV 4x4 PLUG IN HYBRID inkl. vinterhyd, metalllakk og first edition pakke. Pris inkludert 40mnd/60.000 km. Pensjon 67.375,- Rente 3,9%. Etabling 5.365,- Månedsgjeld 25,- Totalpris 284.103,- I tillegg kjøps fakt, årsavgift og fordeling.

HJÅ OSS KJØPER DU BRUKTBIL TRYGT

Me tilbyr finansiering på brukte og nye bilar til gode vilkår!

MØDDEL	FAKSIMILE	KM-STAND	PRIS
14 Kia Optima 140hk out.	Bilk	67,600	219.000
15 Toyota Auris Hybrid out.	Bilk	92,000	169.000
10 Ford S-Max Titanium 116hk	Svart	114,000	99.000

4X4	FAKSIMILE	KM-STAND	PRIS
19 Suzuki Vitara 1,4L 140hk out.	Sort	48,000	329.000
19 Suzuki Vitara 112hk out.	Svart	54,800	279.000
19 Suzuki S-Cross 140hk out.	Bilk	45,000	329.000
19 Suzuki Swift 90hk Hybrid	Svart	34,700	209.000
18 Suzuki S-Cross 140hk out.	Bilk	37,700	294.000
17 Ford S-Max 7-seter out.	Gul	92,000	449.000
17 Skoda Superb Sportline 200hk out.	Gul	64,000	419.000
13 Ford Kuga Titanium 140hk out.	Gul	123,000	194.000
10 Toyota Urban Cruiser	Svart	132,000	69.000
10 Mitsubishi ASX 150hk Diesel	Bilk	185,000	79.000

DEMOBIL	FAKSIMILE	KM-STAND	PRIS
20 Suzuki Across Plug In Hybrid	Svart	17,000	539.000
20 Ford Kuga ST-Line Plug In Hybrid	Grå	14,600	449.000
20 Ford Puma ST-Line Hybrid	Bilk	13,000	349.000
20 Suzuki S-Drive 4x4 out.	Grå	14,000	349.000
19 Suzuki Ignis Hybrid 4x4	Gul	20,000	209.000

For meir opplysinger sjå bilene på www.emv.no eller kontakt Christoffer Gjørde | T: 481 84 305 | E: cgjorde@emv.no | www.emv.no

ØMV Bilsenter



Gysses mek. Verksted AS | Ditt bilsenter i Kvam | T: 56 55 03 00